# DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO FELLESRÅD

| Møtetidspunkt/stad: |
|---|
| Sveio soknehus |
| Onsdag 05.09.2018 kl. 18.00 – 20.00 |

| Følgjande medlemmer/vara er kalla inn |
|---|
| *Ragnhild Lysen,* Bent Rune Sinnes *Tor Helge Hardeland, Astrid Farestveit Gane, Arild Steinsland og Kjell Gunnar Nymark*<br>1.Vara: Hildur Larsen, Eirik Eriksen |

| Forfall meldes til kyrkjekontoret så snart som råd slik at vara medlemmer kan bli kalla inn.<br><br>Første varamedlem frå sokneråda møter fast. Andre varamedlem og vara for soknepresten får innkalling , men treng ikkje møta utan særskild melding. |
|---|
| 2. vara frå sokneråda; Haldis Johanne Økland Lier, Monica Nyland Jacobsen<br>Vara for soknepresten; Svein Arne Theodorsen |

| |
|---|
| Tekst for dagen ved Arild Steinsland |

| SAKER SOM SKAL HANDSAMA ST: |
|---|
| **Sak 18/2018 Godkjenning av referat og innkalling**<br>**Informasjon og skriv**<br>**Sak 19/2018 Sveio soknehus – Fellesrådet sine oppgåver - evaluering**<br>**Sak 20/2018 Orienteringssak – Branntilløp Sveio Kyrkje** |
| |

Sveio, 30.08.2018

sign
Tor Helge Hardeland
Leiar

Ottar Krakk
Kyrkjeverje

**SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR**

| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato | Saksnr | Sbh. |
|---|---|---|---|
| Fellesrådet | 05.09. 2018 | Fel . 18/2018 | OK |
| Sbh: Ottar Krakk | Arkiv: | | |

**Sak 18/2018 Godkjenning av referat og innkalling**

**Informasjon og skriv:**

- **Avslutningsplan Grøntanlegg Sveio Sentrum Kyrkjegard**
- **Uttale Bjørgvin Bispedømmeråd – Badeanlegg i Sveio Sentrum**
- **Kyrkjerådet; Rundskriv 1-2018, «Grunnlag for behandling av personopplysninger knyttet til medlemskap og aktivitet i Den norske kirke»**
- **Kyrkjetenarstilling:** Hilde Ekornsæter tilsett i 50% fast stilling.

**SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR**

| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato | Saksnr | Sbh. |
|---|---|---|---|
| Fellesrådet | 05.09.2018 | Fel . 19/2018 | OK |
| Sbh: Ottar Krakk | Arkiv: | | |

**Sak 19/2018 Soknehuset – avklaringar i Fellesrådet sine oppgåver - Evaluering**

Fellesrådet hadde i februar 2017 oppe sak vedkomande Fellesrådet si rolle i forhold til drift av soknehuset. Saka er gjengitt nedanfor:

***Sak 04/2017 Soknehuset – avklaringar i Fellesrådet sine oppgåver***

*Soknehuset er nå tatt i bruk. I samband med dette har det som venta dukka opp ein del problemstillingar som vedkjem Fellesrådet si drift. Det er og grunn til å tru at det vil koma ytterlegare spørsmålstillingar framover.*

*Ein del av trusopplæringstiltaka mv er nå flytta inn i soknehuset. Desse tiltaka har blant anna vore i kyrkjene tidlegare. Så lenge tiltaka var i kyrkjene vart reinhald, tilrigging samt diverse andre oppgåver heilt klart ivaretatt av kyrkjetenar m.fl. og dei ansvarlege for tiltaka. Når det gjeld tilrigging etc til denne type tiltak må dette framleis ivaretas av Fellesrådet sine tilsette. Det same gjeld for andre arrangement, møter mv i Fellesrådet sin regi. Lokala må og forlatast slik lokala skal forlatast etter bruk, dvs rydda og ev støvsuga mv Det er den ansvarlege for arrangementa som må ta ansvar for dette. Andre tilsette i fellesrådet kan bidra om det er behov for det.*

*I oppstartsfasen av soknehuset har det vist seg at det er behov for at kyrkjekontoret tek ein del andre oppgåver i forhold til «dagleg drift» av soknehuset.*

*Utleige, koordinering av aktivitet, få på plass rutinar, rekneskap mv. tek ein del av arbeidstida til kyrkjeverje og andre tilsette. Det er signalisert frå representantar frå soknehuset sitt styre at ein ønskjer at kyrkjekontoret skal ha ei rolle i samband med drifta av soknehuset. I den fasen der soknehuset er blitt tatt i bruk har ein del oppgåver blitt ivaretatt - utan at det er formalisert i form av nokon avtale mellom Soknehuset og Fellesrådet. Det er på tida uklart kor mykje tid som vil gå med til dette når soknehuset er i drift. Eg vil anslå at kontoret, dvs kyrkjeverje og sekretær, kjem til å bruka rundt ein halv arbeidsdag tilknytta drift av soknehuset pr veke.*

*Dette er viktig arbeid som må prioriterast, men som likevel vil gå på bekostning av anna arbeid innanfor Fellesrådet sitt ansvar. Eg finn det rett å orientera om situasjonen og be om Fellesrådet sin tilslutning til å bruka arbeidstida på denne måten.*

*Kyrkjeverje vil tilrå at fellesrådet er positiv til at kyrkjekontoret ivaretek diverse administrative oppgåver på vegne av Sveio soknehus. Dette vert eit bidrag frå Fellesrådet til drift av Sveio soknehus. Dette er og å rekna som ein kompensasjon for at ein nyttar soknehuset vederlagsfritt til tiltak som ligg innanfor fellesrådet sitt*

*ansvarsområde slik som konfirmasjonsundervisning mv. Trusopplæringstiltak forøvrig er i utgangspunktet sokna sine tiltak, dette sjølv om tiltaka i Sveio er organisert gjennom Fellesrådet av praktiske årsakar.*

*Det må og tas stilling til om dei tilsette i Fellesrådet skal ta på seg å klippa graset ved soknehuset. Fellesrådet har utstyr til å utføra oppgåva og det er etter min vurdering naturleg at ein stiller utstyr og mannskap til disposisjon for dette.*

*Parkeringsplassen nord for soknehuset er kommunal og det er forventa at kommunen tek seg av snørydding her. I den grad det er behov for snørydding utover ordiner brøyting, t.d. fram til kapell og inngangar vert dette ivaretatt av Fellesrådet sine tilsette.*

***Vurdering***

*Kyrkjeverja tilrår at Fellesrådet stiller seg positive til Kyrkjeverja og staben forøvrig tek på seg ulike funksjonar i forhold til dagleg drift av soknehuset. Det må etter noko tid evaluerast korleis dette fungerer og om det er behov for justeringar. Kyrkjeverja til tilrå at Fellesrådet ber styre for soknehuset ta stilling til kva oppgåver ein ønskjer at kontoret skal utføra på vegne av «Soknehuset».*

***KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:***

1. *Fellesrådet er positive til at Kyrkjekontoret tek på seg oppgåver i forhold til drift av soknehuset.*
2. *Ein ber styret for Soknehuset koma med konkret førespørsel på oppgåver ein ynskjer at dei tilsette skal ivareta.*
3. *Kyrkjeverje får fullmakt til å vurdera om kontoret har kapasitet til å ta på seg kvar enkelt «deloppgåve».*

***BEHANDLING I FELLESRÅDET***

*Fellesrådet ønske å få klarlagt kva arbeidsmengde dette vil medføre både nå i oppstartsfasen og over tid.*

***FELLESRÅDET SITT VEDTAK:***

1. *Fellesrådet er positive til at Kyrkjekontoret tek på seg oppgåver i forhold til drift av soknehuset.*
2. *Fellesrådet ønske saka tilbake over sommaren for ny behandling/evaluering.*

Saka kjem først nå etter halvt anna år tilbake til Fellesrådet. Det positive med det er at me har gjort oss fleire erfaringar med drift av soknehuset, fellesrådet sine aktivitetar i soknehuset samt kva som har fungert godt og kor det ligg føre forbetringspotensiale.

I denne samanhengen vil det bli fokusert på dei forholda som har tilknyting til Fellesrådet og dei tilsette der. Sjølve drifta av soknehuset vil eg i denne saka berre berøra når det er knytt opp mot Fellesrådet sitt arbeid.

**Administrative oppgåver**

Det er ein del oppgåver knytt opp mot rekneskap og økonomi som dei kontortilsette føl opp; tilvisning av rekningar, føring av rekneskap, innkjøp, utbetaling av honorar til servitørar, utsending av rekningar på utleige mv.

Booking av utleige, omvisning, sjekk av lokale før utleige mv utgjer og eit visst omfang. Første halvår 2018 var det om lag eit utleige pr veke. Eit røffleg overslag kan vera at det går ein halv til ein heil time pr utleigeforhold.

Inkludert i utleige ovanfor er og minnemøter. Sjølv om servering og tilrigging skjer på frivillig basis må kontoret sørgje for innkjøp/bestilling av mat samt skaffe serveringshjelp mv. I snitt går det nok ein til ein og ein og ein halv time administrativt arbeid på kvart av desse møta. Det varierer sjølvsagt kor ofte desse kjem – første halvår var det 5 minnemøter på soknehuset.

Kontakt med ulike aktørar som reinhaldsfirma, leverandør av varmeanlegg, utbyggar osv må naturleg nok bli tatt i vare av kyrkjeverje. Dette er punktvis aktivitet som varierer sterkt i omfang.

Kyrkjeverje har og deltatt på styremøter for Sveio soknehus.

**Drift og vedlikehald**

Grasbakke og kanter rundt parkeringsplass i nord er blitt vedlikehalden av fellesrådet sine tilsette. Med godt utstyr er ikkje dette særleg omfattande, men i sesongen frå mai-september vil det nok gå eit par timar annakvar veke. Uteanlegget vil sannsynlegvis ha behov for meir vedlikehald etter kvart.

Mange trusopplæringstiltak er blitt flytta inn i soknehuset. Mange av tiltaka har fått auka oppslutnad etter flyttinga. Ein del av desse treng noko tilrigging av lokala. Dette medfører naturleg nok ein del arbeid både i forkant og i etterkant. Det er sagt at alle som nytta lokala på soknehuset skal tørrmoppa og tømma søppel mv i tillegg til å rydda lokala tilbake til standardoppsett. Her ser me at det er nokre utfordringar då bruk av lokala skjer i regi av både tilsette, frivillige og av leigetakerar. Det har til tider vore frustrasjon hjå ulike for at ein ikkje har funne lokala i den stand som var forventa. Kor mykje tid skal ein forventa at prestar, trusopplærar osv brukar av si tid til reinhald mv? Og skal ikkje dei gjera det – kven skal då gjera det? Punktvis har andre tilsette i Fellesrådet bidrege med klargjering til arrangement osv. På grunn av ekstra personellressurs på kyrkjetenarsida har kyrkjetenar til nå i 2018 hatt ei vekentleg oppfølging med søppeltømming og tilsyn mv.

Ein utfordring er nok at ein pr i dag ikkje har nokon som har direkte hovudansvar for drift av bygget, eit ansvar på eit praktisk plan. Kven skal ta ansvar for det som sklir ut over litt tid mv. Det overordna ansvaret ligg hjå soknehusstyret og til dels hjå Kyrkjeverje – utfordringane i kvardagen har nok likevel til tider vore til stades. Utfordringane er drøfta i ulike samanhengar utan at ein har funne dei gode løysingane.

**Vurdering**

Kyrkjeverje sin vurdering etter eit og eit halvt års drift av soknehuset er at anslaget på førehand om at det vil bli administrative oppgåver på om lag eit halvt dagsverk kvar veke er om lag der me er. I periodar kan det vera noko meir. Arbeidet er imidlertid så integrert med det andre arbeidet at det er nesten umogleg å fastslå omfanget heilt sikkert.

Soknehuset har gitt muligheter for å driva eit utadretta arbeid overfor barn og unge. Mange tiltak har opplevd ein betydeleg auke i deltaking sidan soknehuset vart opna. Dette har medført behov for å bruka meir tid på arrangementa både i forkant og etterkant. Auka aktivitet gir og auka behov for å setja lokala tilbake i ønska stand/oppsett raskt etter arrangementa. Dette har nok auka arbeidsbelastninga på dei tilsette og frivillige som har ansvaret for arrangementa.

Reinhald etter trusopplæringstiltak i kyrkjene var som nemnt i saka ovanfor naturleg nok kyrkjetenar si oppgåve. Dette utgjorde nok likevel ikkje nokon stor del av arbeidet til kyrkjetenar. Spart tid har nok vorte nytta til å bistå til tilrigging i soknehus mv.

Utearbeidarane har som vist til ovanfor fått noko auka areal å halda vedlike. Sjølve plenane er ikkje så store at det utgjer særleg mykje tid – men og dette er med på å leggja større press på desse i sesongen, særleg kan første delen av vekstsesongen vera krevjande.

Utfordringane ligg som nemnt ovanfor i første rekkje i forhold til praktisk drift av soknehuset. Etter Kyrkjeverja si vurdering må Fellesrådet og styret for Soknehuset sjå på dette for å finna konkrete løysingar som betre kan ivareta bygget og leggja til rette for egen aktivitet og sikra at ein ivaretek leigetakerar og andre brukerar.

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:**

Fellesrådet tek saka til orientering.

**SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR**

| Styre, råd, utval m.m. | Møtedato | Saksnr | Sbh. |
|---|---|---|---|
| Fellesrådet | 05.09. 2018 | Fel . 21/2018 | OK |
| Sbh: Ottar Krakk | Arkiv: | | |

**Sak 21/2018 Orienteringssak – Branntilløp Sveio Kyrkje**

Torsdag 9. august vart det oppdaga eit branntilløp på på nordsida av Sveio Kyrkja. Eit område på om lag 5 meter lengde og høgde frå 30 – 130 cm på veggen vart prega av brann. Det brannskada området var eit lite stykke opp på veggen, vest av rullestolrampen.

Mykje tyder på at brannen har slokna av seg sjølv.

Forholdet vart meldt til politiet. Politiet etterforskar saka. Pr i dag er ikkje årsaka til branntilløpet kjent. Politiet har heller ikkje kunne fastslå noko om kven som ev står bak brannstiftinga.

I tillegg til at politiet har saka på sitt bord har og brannvesenet sett på skadane.

I samband med ei slik hending har ein gått gjennom brannsikringstiltaka for kyrkjene i Sveio. Dette gjeld både rutinar som sikrar førebygging av brann og konkrete sikringstiltak.

Aktuelle tiltak er bl.a. gode rutinar rundt låsing, belysning, søppelhandtering mv.

Sikringstiltak kan t.d. vera innbrots og brannalarm samt automatiske sløkkjeanlegg.

Brannvesenet i Sveio har kome med ei skriftleg tilråding om tiltak som bør gjennomførast i kyrkjebygga i Sveio. Denne tilrådinga vil bli lagt fram i møte.

Kyrkjeverja vil i møte koma med orientering om kva konkrete tiltak som er inne i forhold til brannsikring av kyrkjebygga i Sveio.

**Vurdering:**

Kyrkjeverja vil tilrå at Fellesrådet drøftar brannsikkerhet i kyrkjebygga i lys av hendinga.

Fellesrådet bør og sjå denne saka i samanheng med tidlegare løyvde midlar i kommunen sin økonomiplan til bl.a. brannsikring.

På bakgrunn av saka si karakter vil ein tilrå at Fellesrådet lukkar møte under behandling av denne saka, jf. § 3 i *«Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet»*

**Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:**

Fellesrådet tek saka til orientering.
Konkrete tiltak vert å fremja i samband med budsjett.

(1) Info - Sak 18

**Vassbakk & Stol**
*Hovedkontor*
PB 63
4291 Kopervik
T: 52 85 78 30
F: 52 85 31 17
Org.nr.
927 048 841
**vassbakk.no**

40483 Kyrkjegard Sveio

Grøntanlegg

Dato: 21/06/2018

Avslutningsplan

Planter og trær som er døde erstattes med nye av samme slag. Rensk og grusing av sti og ugrasbekjempelse.

På side 2 ligger planteplan for trær, busker og grusing av sti.

Følgende punkter utføres:

1. Trær ved øst- og sørside av P-plass. (Nr.1,1 på tegning, rosa farge)
   Her er det 2 stk døde trær som erstattes. Sopp på stammer sjekkes.
   På ny befaring om 1 år, 2019, vil en måtte ta stilling til om det er flere trær som må skiftes på denne rekka.
2. Trær vest for ny P-plass og helt på vestsiden. (Nr. 2,1 på tegning, gul farge)
   Her er alle trærne døde og må erstattes med 31 stk nye.
   Sunnhordland Planteskule anbefaler å bytte fra sommereik til en mer hardfør kvalitetssort som lind.
   Denne er brukt på Udland som erstatningstre også.
3. Alle nye trær støttes opp med 3 stk stokker i trekant for bedre oppstøtting mot vind /uvær.
   Et område på Ø70cm barkes rundt trestammen, for å unngå skading av bark ved plenslått.
4. Hekkplanter suppleres i bøkehekk langs P-plass og vest mot kirke. (Grønn farge på tegning)
   Det må erstattes 30 stk planter.
5. Busker langs gjerde i nord suppleres både på innsiden og utsiden av gjerde.
   På innsiden suppleres det med 47 stk og på utsiden med 38 stk.
6. Busker langs utsiden av gjerde på vestsiden suppleres. 19 stk busker plantes.
7. Gruset sti som går gjennom kirkegård avgraves og påføres ny finere grus/sand. (Skravert på tegning)
8. Sveio kommune overtar vedlikehold av anlegget ~~1 juli~~. 1. august
9. VS kaller inn til ny 1-årsbefaring i juni 2019 får å vurdere om flere busjer/trær må erstattes.

| Vassbakk & Stol AS | Dato: | Sveio Kommune |
|---|---|---|
| [signature] | 21/10-18 | [signature] |
| Prosjektleder | | |

VASSBAKK
& STOL




## PLANTELISTE

TRÆR

| NR. | LATINSKE NAVN | NORSKE NAVN | PL.AVST. | ANTALL |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Carpinus betulus | Agnbøk | | 19 stk. |
| 2 | Quercus robur | Sommereik | | 31 stk. |
| 3 | Salix alba 'Sericea' | Sølvpil | 3,2 m | 11 stk. |
| 5 | Betula pendula | Hengebjørk | | 12 stk. |

KLIPPET HEKK

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 4 | Fagus sylvatica | Bøk | 3 stk. / m. som hekk, 0,5 m ved p-plasser | 490 stk. |

MASSEPLANTER (planteavstand = 0,8 m)

| | | | |
|---|---|---|---|
| Amelanchier lamarckii | Storsøtmispel | 50 % | 400 stk. |
| Corylus avellana | Hassel | 20 % | 160 stk. |
| Euonymus planipes | Sakalinbeinved | 10 % | 80 stk. |
| Viburnum opulus | Krossved | 10 % | 80 stk. |
| Sambucus nigra | Svarthyll | 10 % | 80 stk. |

LØKPLANTER

| | | | |
|---|---|---|---|
| Crocus vernus (lilla) | Vårkrokus (lilla) | 0,1 m | 2700 stk. |

N

ARBEIDSTEGNING

SVEIO KOMMUNE
SVEIO KYRKJEGARD
planteplan, byggetrinn 1

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1:200 | 1879 | 8010 | D |
| J. Abrahamsen | | | |
| W. Bull | | | |
| 17.10.2010 | | | |

FORUM ARKITEKTER

② Info Sal 15

**DEN NORSKE KYRKJA**
Bjørgvin bispedømeråd

Sveio kyrkjelege fellesråd
Postboks 65
5559 SVEIO

Dato: 28.06.2018 Vår ref: 18/02824-3 Dykkar ref:

## Oppstartsvarsel - badeanlegg i Sveio sentrum gnr. 40 bnr. 59 m.fl. - fråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd

Vi viser til dykkar brev dagsett 5. juni med melding om oppstart av plan for badeanlegg like ved Sveio kyrkje.

I følgje kyrkjelova § 21 krev all bygging nærare kyrkja enn 60 m godkjenning av biskopen. Sveio kyrkje er dessutan listeført som særleg verneverdig, og biskopen skal difor be om ei fråsegn frå fylkeskommunen før han kan gjera vedtak. Også utanfor 60-meters sona skal ein ta «tilbørlig hensyn til naboskapet til kirken» (jf rundskriv T-3/2000 frå Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet og Miljøverndepartementet: *Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø).*

Sveio kyrkjelege fellesråd forvaltar kyrkjebygget og gravplassen, og kommunikasjonen med dei er viktig. Eit evt. tiltak må ta omsyn til både det estetiske som nabo til den verna kyrkja og meir praktiske konsekvensar som trafikk og parkering Vi ber om at offentlege høyringar vidare i prosessen vert sende både til bispedømerådet og Sveio kyrkjelege fellesråd. Det er viktig at planane vidare har med gode illustrasjonar som viser korleis evt. bygg er tenkt å sjå ut.

Med helsing

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Hordaland fylkeskommune Pb 7900 5020 BERGEN

Postadresse:
Postboks 1960, Nordnes
5817 BERGEN

E-post: bjoergvin.bdr@kyrkja.no
Web: https://kyrkja.no/bjorgvin/
Org.nr.:818 066 872

Telefon: +47 55306470
Telefaks: +47 55306485

Sakshandsamar
Jens Z. Meyer

(3) Info - Sak 18

DEN NORSKE KIRKE
Kirkerådet

Rundskriv
Nr. 1 – 2018

Til menighetskontorene,
de kirkelige fellesrådskontorene
prostekontorene og bispedømmekontorene

# Grunnlag for behandling av personopplysninger knyttet til medlemskap og aktivitet i Den norske kirke

Forordning (EU) nr. 2016/679 – GDPR – (personvernforordningen) vil gjelde som norsk lov etter den nye personopplysningsloven (lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysninger) og trer i kraft på et ennå ikke fastsatt tidspunkt etter 1. juli i år. Personvernforordningen har medført en økt bevissthet rundt personvern og informasjonssikkerhet, og Kirkerådet får mange spørsmål om hvilke endringer forordningen medfører. Kirkerådet vil i dette rundskrivet kommentere noen hovedpunkter knyttet til lovlig grunnlag for behandling av personopplysninger i forbindelse med medlemskap, kirkelige handlinger og andre menighetsaktiviteter.

Grunnprinsippene for arbeidet med medlemshåndtering i digitale systemer blir lite endret som følge av personvernforordningen. Dersom man følger dagens personopplysningslov, krever den nye forordningen kun mindre justeringer. Personvernforordningen styrker imidlertid dokumentasjonskravene til de behandlingsansvarliges rutiner og praksis. Selv om personvernforordningen ikke nødvendigvis krever de store endringene med tanke på hvordan personopplysninger behandles, kan det være et godt tidspunkt for alle behandlingsansvarlige å gjennomgå egne vurderinger og egen praksis på feltet.

## 1. Behandlinger hjemlet i forskrift om Den norske kirkes medlemsregister

Kirkerådet legger til grunn at forskrift om Den norske kirkes medlemsregister vil utgjøre et behandlingsgrunnlag tilsvarende som i dag også etter at personvernforordningen trer i kraft.

Kirkemøtet fastsatte nylig forskrift 16. april 2018 nr. 581 om Den norske kirkes medlemsregister. Denne forskriften avløste forskrift 25. februar 2000 nr. 298 fastsatt av departementet. Fordi kompetansen til å fastsette denne forskriften i medhold av kirkeloven ble overført fra Kulturdepartementet til Kirkemøtet, er gjeldende forskrift registrert som en ny forskrift. Gjeldende rett er imidlertid i mindre grad forandret. I hovedsak er det snakk om endringer i disposisjonen samt språklige presiseringer og oppdateringer.

De forskjellige formål for forskriften er nå samlet i § 1. Bokstav a sier noe om hvordan medlemsregisteret kan brukes av presten og de kirkelige organer i deres arbeid. Innholdet her er en videreføring av tidligere § 5 annet ledd, men er nå satt inn i en formålskontekst. Det fremgår her at både presten og organene for soknet (menighetsråd og fellesråd) kan bruke medlemsregisteret for eksempel ved tilbud om opplæring, diakonale tiltak, innsamlingsarbeid og barne- og ungdomsarbeid. Det er ikke nødvendig å innhente samtykke for å sende brev av denne typen siden forskriften allerede har gitt et gyldig behandlingsgrunnlag. Når det gjelder bruk av digital kontaktinformasjon (e-postadresser og telefonnumre), henvises det til en egen vurdering i punkt 2.3.
I § 6 listes det opp hvilke opplysninger som skal registreres i medlemsregisteret. Dette er i stor grad en videreføring av forrige forskrifts § 2. Som tidligere har man her et behandlingsgrunnlag for å ha et permanent register over medlemmer inkludert «tilhørige» og over kirkelige handlinger inkludert inn- og utmeldinger. Det er uttømmende definert hvilke personopplysninger som skal registreres i de enkelte tilfeller.

## 2. Behandlinger som ikke er hjemlet i forskriften

### 2.1 Behandlingsgrunnlag

Ved gjennomføring av kirkelige handlinger og andre aktiviteter i menighetene vil det være behov for å behandle personopplysninger utover det som er nevnt i forskriften. For at disse behandlingene skal være lovlige, må det foreligge et gyldig behandlingsgrunnlag.

### 2.2 «Berettiget interesse» fremfor samtykke?

Kirkerådet har i tidligere veiledning gitt uttrykk for at behandlingsansvarlige må innhente samtykke for alle behandlinger som ikke er hjemlet i forskriften, jf. *Håndbok for Den norske kirkes medlemsregister* punkt 3.1.3.2. Samtykke som behandlingsgrunnlag er videreført i personvernforordningen, og Kirkerådet legger til grunn at det ved noen behandlinger vil være nødvendig å legge dette behandlingsgrunnlaget til grunn, for eksempel når det innhentes helseopplysninger. Samtidig er det slik at kravene til hvordan et samtykke skal utformes, blir en del strengere med personvernforordningen. Kirkerådet har sett på hvorvidt behandlingsgrunnlaget «berettiget interesse» kan benyttes for noen av de behandlinger som ikke dekkes av forskriften, jf. personvernforordningen artikkel 6 nr. 1 bokstav f og artikkel 9 nr. 2 bokstav d.

Behandlingsgrunnlaget «berettiget interesse» er ikke nytt, men er i stor grad en videreføring av gjeldende personopplysningslov § 8 første ledd bokstav f. «Berettiget interesse» er et krevende behandlingsgrunnlag fordi det hviler på vurderinger som den behandlingsansvarlige selv gjør. Kirkerådet er likevel av den mening at dette behandlingsgrunnlaget er mulig å legge til grunn for de fleste av en menighets nødvendige behandlinger av personopplysninger i forbindelse med medlemshåndtering og aktivitet i de tilfeller slike behandlinger ikke er hjemlet i forskrift om Den norske kirkes medlemsregister.

## 2.3 E-postadresser og mobilnumre

Kirkerådet har tidligere lagt til grunn i sin veiledning at det skal innhentes samtykke ved bruk av digitale kommunikasjonskanaler som e-post og SMS, jf. forrige punkt. På dette punktet justerer Kirkerådet nå sin veiledning. Etter konsultasjon med fagkompetanse på området anser Kirkerådet det som hensiktsmessig å legge «berettiget interesse» til grunn for lagring og bruk av slik kontaktinformasjon.

Kirkerådet vil samtidig presisere at også når man legger til grunn «berettiget interesse», har personvernforordningen noen klare krav til informasjon som skal gis når personopplysninger samles inn fra den registrerte. Man skal blant annet opplyse om hvem som er behandlingsansvarlig, hva som er formålet med den tiltenkte behandlingen, hvilken berettiget interesse man legger til grunn, hvor lenge opplysningene skal lagres, rett til sletting av opplysninger m.m., jf. personvernforordningen artikkel 13 nr. 1 og 2. Dersom man ønsker å benytte kontaktopplysningene til andre formål enn det som ble opplyst ved innhenting, skal den registrerte få beskjed om dette.

Når det gjelder allerede registrerte e-postadresser og mobilnumre, legger Kirkerådet til grunn at man kan beholde disse uten å måtte kontakte de registrerte så lenge man har et klart formål for å ha disse opplysningene registrert. Dersom man ønsker å benytte opplysningene til et annet formål enn det man samlet inn opplysningene til, bør man informere de registrerte slik at de har mulighet til å reservere seg.

## 2.4 Behandling av personopplysninger i IT-systemer utenom medlemsregisteret

Forskrift om Den norske kirkes medlemsregister regulerer i utgangspunktet ikke bruken av andre IT-systemer som håndterer medlemsopplysninger. Likevel sier forskriften § 8 at opplysninger fra medlemsregisteret kan overføres til øvrige lovlige registre for soknet for en begrenset periode. Her kan det være snakk om å benytte informasjon fra medlemsregisteret for å integrere føring av kirkelige handlinger i et hensiktsmessig administrasjonsprogram. Det kan også gjelde behovet for ha tjenlige deltakerlister til aktivitetene i menigheten. Forskriften gir da et behandlingsgrunnlag for å hente inn medlemsopplysninger fra medlemsregisteret. Forskjellen ligger i at registrering og behandling i et eget administrasjonssystem forutsetter et formål utover ordinær håndtering av medlemmer og arkivering av kirkelige handlinger (som ivaretas av medlemsregisteret). Dubletter av opplysninger som finnes i Den norske kirkes medlemsregister skal altså bare eksistere i andre IT-systemer dersom opplysningene er knyttet til en pågående aktivitet (en kirkelig handling eller en annen menighetsaktivitet), og de skal slettes når aktiviteten er ferdig og formålet dermed har bortfalt. Dersom personopplysningene fra medlemsregisteret suppleres med ytterligere opplysninger, må det foreligge et supplerende behandlingsgrunnlag («berettiget interesse» eller samtykke).

## 3. Enhetlig praksis – atferdsnorm

Det er viktig å presisere at det er den behandlingsansvarlige som er ansvarlig for at behandlingen av personopplysninger gjøres på lovlig vis. Dette betyr at selv om Kirkerådet eller andre aktører kommer med veiledning eller konklusjoner knyttet til dette rettsområdet, er det den behandlingsansvarlige på vegne av soknet som står ansvarlig for håndteringen av personopplysninger lokalt og som må kunne vise til en vurdering av formål og behandlingsgrunnlag. Dette fordi hvert sokn er et selvstendig rettssubjekt. Kirkerådet har ikke myndighet til å fastsette bestemmelser utover det som ligger i forskriftsmyndigheten knyttet til medlemsregisteret.

For å løse utfordringer av denne typen opererer personvernforordningen med det som kalles atferdsnorm, jf. artikkel 40. Gjennom en atferdsnorm er det mulig å komme frem et felles regelverk for behandling av personopplysninger innenfor Den norske kirke. En slik norm vil også kunne fastsette hvilket organ som er behandlingsansvarlig i de forskjellige tilfellene. Det vil ta noe tid å få ferdigstilt en slik atferdsnorm, og den må også godkjennes av Datatilsynet. Når den er ferdigstilt, vil alle sokn bli bedt å slutte seg til. En atferdsnorm bør på sikt være arbeidsbesparende. Kirkerådet vil ta initiativ til at relevante aktører blir involvert i et arbeid med en atferdsnorm for håndtering av personopplysninger knyttet til medlemskap og aktivitet i Den norske kirke.

## 4. Hvem er behandlingsansvarlig på vegne av soknet?

Forskrift om Den norske kirkes medlemsregister sier at lokalt behandlingsansvar for medlemsregisteret er lagt til fellesrådet, jf. § 4. Kirkerådet utelukker ikke at det gjøres behandlinger av personopplysninger utover det som reguleres i denne forskriften. Det kan da argumenteres for at det er menighetsrådet som har ansvaret siden kirkeloven § 5 annet ledd sier at menighetsrådet treffer avgjørelser og opptrer på vegne av soknet når det ikke er fastsatt i eller i medhold av lov at myndigheten er lagt til kirkelig fellesråd eller annet organ. Kirkeloven § 14 siste ledd sier at kirkelig fellesråd utfører de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av det enkelte menighetsråd, så om man ønsker å sikre at ansvaret ligger hos fellesrådet, er det mulig å inngå avtale om dette. Tilslutning til en eventuell atferdsnorm, jf. forrige punkt, vil fjerne behovet for slike avtaler og tydelig fastslå hvor ansvaret er plassert.

Oslo, 29. juni 2018

Med vennlig hilsen

Gerd Karin Røsæg
Gerd Karin Røsæg
Direktør (fung.)

Ole Inge Bekkelund
Avdelingsdirektør,
avdeling for kirkeordning